



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1239 - 17/11174

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.04.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/135 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.02.17.

Ved ein feil hjå oss har saka blitt liggjande lenge utan vurdering av sakshandsamar, vi seier oss leie for dette.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er søkt om igangsetting av glassbygget mot øst og innreiing av kjellar i nytt tilbygg. I følgeskriv som er lagt ved søknaden og datert 10.02.17 er det opplyst følgjande endringar:

- Endra utførsle på vindauge i stove i opprinneleg bygg.
- Mindre justeringar av innvendig veggjar i tilbygg
- Innreiing av hybelleilighet i kjellar.

Søknaden omfattar etablering av sjølvstendig bueining i kjellardelen av tidlegare godkjent tilbygg til einebustad på eignedomen. Etablering av ny bueining er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav g) jf. byggesaksforskrifta § 2-2. Etablering av bueining krev nabovarsling, ny vurdering i høve gjeldande plangrunnlag - dispensasjonssøknad, dokumentasjon på parkeringsdekning, manøvreringsareal for bil og skildring med omsyn til minste uteopphaldsareal.

Vi vil tilrå at de søkjer om etablering av ny bueining som eigen sak.

Etablering av ny bueining krev:

- Dispensasjonssøknad
- Søknad om løyve til etablering av bueining (oppdatert gjennomføringsplan, erklæring om ansvar mv.)
- Oppdatert situasjonsplan som dokumenterer uteopphaldsareal, parkeringsdekning og moglegheit for å sne på eigen grunn.



Teikningsmaterieil

På teikningar i endringsmelding motteke 09.01.15 (rev: 08.01.15) er lengde på sørvendt fasade på bustaden opplyst til 18850 mm, på teikningar levert inn ved søknad om igangsetting motteke 10.02.17 er same fasade opplyst å ha ei lengde på 19850 mm, ein auke på 1 meter, dette er det ikkje gjort greie for i søknaden. Lengde på vinterhage i sørvendt fasade er og auka frå 5700 mm til 6300 mm ei auke på 0,6 meter. Det er ikkje levert oppdatert arealreiknskap for endringane som er komt inn på teikningane.

- Vi ber om at det går over innsendte teikningar på ny, kontrollmåler faktisk bygg og leverer inn oppdaterte teikningar som er målsett i høve tiltaka som faktisk er førd opp.
- Vi ber om ei oppdatert arealrekneskap for tilbygga.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 23.05.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frode Nygaard Knutsen Strandvegen 67 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen Bredsgården 2 5003 BERGEN